



Knut Johannessen  
Åmundsdalen 60  
5115 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1766 - 14/6728

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.03.2014

## Manglar i søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 215/46 Eidsnes ytre.

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve for gbnr 215/46 og søknad om tilknytning til kommunalt vassverk. Administrasjonen har gått gjennom søknaden og har følgjande merknader:

Omsøkte tiltak er ikkje i samsvar med plan, jf punkt 3 i søknadsskjema. Eigedommen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål. I tillegg ligg eigedommen innanfor funksjonell strandsone. Tiltaket krev difor dispensasjon frå planføremålet og forbodet mot bygging i strandsona for å kunne godkjennast. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg grunngjeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.

Eigedommen skal knytast til eksisterande felles utsleppsleidning til sjø. Det ligg føre erklæring med løyve frå eigar av gbnr 244/20, 48, 49, 50 og 51 til å nytta fellesleidning ut i sjø. Slik det ser ut av situasjonskartet skal gbnr 215/46 knyta seg til dette anlegget via eksisterande avlaupsleidning frå gbnr 251/56. Vi ber om tilbakemelding på om leidningen fram til bnr. 56 også er omfatta av erklæringa. Dersom ikkje må det innhentast løyve til å nytta avlaupsleidningen som går fram til bnr. 56.

Det er ikkje oppgitt kor mange pe fellesleidningen er godkjend for. Vi ber om at det vert gjort greie for dette ved innsending av supplerande dokumentasjon.

Eigedommen skal knytast til det kommunale vassverket via privat leidning. Det må leggjast fram erklæring med løyve til å knyta seg til privat vassleidning før kommunen kan godkjenna søknaden.

Søknaden vert lagt på vent inntil manglande dokumentasjon ligg føre. Dersom kommunen ikkje har motteke supplerande dokumentasjon innan 6 veker, dvs 09.05.2014, vert saka arkivert utan handsaming.

Med helsing



Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Teknisk drift

**Mottakarar:**  
Knut Johannessen

Åmundsdalen 60 5115

ULSET